




**ALVER**  
KOMMUNE

# Alver ungdomsråd

Årsmelding 2021/2022





## Kva er ungdomsrådet?

Ungdomsrådet representerar dei om lag 2800 ungdom i alderen 13-19 år, som er busett i Alver kommune.

Ungdomsrådet er talerøyret til ungdommane i kommunen overfor politikarar og avgjerdstakarar, og har ei rådgivande rolle for dei.

Vi skal representera interessene til ungdom, og har rett til å uttala oss i alle saker som gjeld ungdom. Vi skal ha fokus på saker på eit overordna nivå, m.a. budsjett og kommunalplanar.

Ungdomsrådet kan òg ta opp eigne saker.

## Representantar 2021-2022

Medlem	Vara
<b>Nordhordland Kristne Grunnskule</b>	
Vianney David M. Pay-Pay	Oscar Wilsgaard Vidner
<b>Radøy ungdomsskule</b>	
Jens Helland Kruse	Marius Skår Kolås
<b>Meland ungdomsskule</b>	
Ruand Kashtanjeva	Noa Fosse Kalnes
<b>Rosland ungdomsskule</b>	
Ingeborg Fønnes Flaten	Anton Ross Engedal
<b>Knarvik ungdomsskule</b>	
Maya Leknes	Sondre Kleppe Sæbø
<b>Lindås ungdomsskule</b>	
Erik Sletten Christensen	Mathilde Printzlow-Tvedt
<b>Ostereidet ungdomsskule</b>	
Ine Marie Midtgård	Victoria Teigstad Dyngeland
<b>Danielsen</b>	
Madelen Romarheim	Marius Oliver Sturesgaard
<b>VGS</b>	
Frida Fammestad	Victor Haugvik
Camilla Plai Hagsæter	Elias Brakvatne Vetås
Leonie Sophie Thiele	Alexa Beatrice Corfariu
<b>Lag og organisasjonar</b>	
Martin Taule Måge	Lucas F. Rambjørg
Karoline Fjeld	Marie Aven
Jakob Thomassen Berger	Edas Kondrotas
Martine Fjeld	Johannes Gjerstad

Sekretær: Robert Lorang Hansen, ungdomskoordinator



## Rådets arbeid



### Opplæring

Vi starta opp med ei felles opplæring for både medlemmar og vara måndag 27. september. Opplæring fann sted på Meieriet, Frekhaug.

Ordførar, sekretær for rådet og tidlegare medlem av ungdomsråd var med å gi opplæringa eit fagleg og relevant innhald.



Det var òg tid til mykje sosialt, det er viktig å bli godt kjent!



## Oppsummering

Vi starta opp når det framleis var ulike tiltak for å handtera koronaviruset. I september var det mogleg med fysiske møte, men i desember og januar var møta på Teams!

Vi hadde mange ambisjonar når me starta opp; Skuleturnè, dialogmøte med politikarar, fellesmøte med eldrerådet, konferanse for ungdom og fellesmøte med ungdomsråda i Nordhordland, var nokre av fleire ynskjer.

Usikkerheita kring koronaviruset hausen 2021 satt dei fleste planane på vent. På nyåret i 2022 opna samfunnet meir opp, allereie i februar var mykje tilbake til normalen og vi kunne planleggja for fleire aktivitetar:

## Dialogmøte med kommunestyret

Tysdag 8. februar hadde vi dialogmøte for ungdomsrådet og kommunestyret i samband med samfunnsdelen av kommuneplanen, med overskrifta:

*Korleis skal vi ha det i Alver i framtida?*

Vi oppfordrar nytt ungdomsråd til å ha fleire dialogmøte med politikarane.

## Skuleturnè

Tysdag 26. og torsdag 28. april reiste heile Ungdomsrådet på tur, der dei vitja alle ungdomsskulane i kommune.

Dette var ein stor opptur, der vi fekk helsa på alle klassene og elevråda.

Vi fortalte om kva ungdomsrådet er, òg fekk innspel på sakar og tema som var viktig for ungdomane.



Frå Nordhordland Kristne Grunnskule



Frå Radøy Ungdomsskule



Frå Knarvik Ungdomsskule



Frå Rosland skule



R  
E

Frå Ostereidet ungdomsskule




Frå Danielsen ungdomsskule



## Sosiale medier

Vi arbeidar stadig med å verte meir synlege, mellom anna ved å nytta sosiale media. Dykk finn oss på Facebook, Instragram og kanskje på etter kvart på TikTok?





## Aktuelle saker

### Kommuneplanar

Vi har vore med på å utvikle og komme med innspel til:

- Kommuneplan – samfunnsdelen
- Kommunedelplan for oppvekst
- Kommunedelplan for helse og omsorg
- Kommunedelplan Kultur, idrett og friluftsliv

Det har vore spennande å følgje dette arbeidet, og vi er spente på korleis dei utviklar seg vidare og etter kvart korleis dei vert følgt opp.

Vi oppmodar nytt ungdomsråd til å følgje opp desse planane spesielt.

### Økonomiplan

Tidlegare ungdomsråd har bedt om å få komme inn tidleg i arbeidet med økonomiplan og budsjett, og ikkje berre når det nærmar seg endeleg vedtak.

Vi er veldig glade for at vår leiar og nestleiar vart invitert til Formannskapet torsdag 25. august, slik at vi kunne holde eit innlegg om kva vi ynskjer at økonomiplanen skal ta omsyn til ovan for barn og unge.

Dei viktigaste innspela frå innlegget:

- Fleire opningsdagar på ungdomsklubbane vi har og ny ungdomsklubb i Knarvik
- Fleire helsesjukepleiarar i skulen – meir tid til elevane
- Kortare ventetid på psykolog for ungdom
- Helsestasjon for ungdom – betre opningstid
- Betre uteområde på ungdomsskulane
- Miljøterapeuter i ungdomsskulen





## Avslutning

Fredag 16. september hadde vi avslutning for heile ungdomsrådet. Vi reiste på Megazone i Bergen!





### **Tips til vegen vidare**

Her er nokre punkt vi ikkje fekk realisert, men som vi tipsar nytt råd å sjå på:

- Konferanse for ungdom
- Dialogmøte med Eldrerådet
- Vitja andre ungdomsråd
- Felles møte med ungdomsråda i Nordhordland
- Vurdere om noken medlem i ungdomsrådet skal vere valt inn for 2 år, for å sikra betre kontinert
- Revidera retningslinene for ungdomsrådmidlane



## Møter og sakliste

UR har i perioden september 2021 – september 2022 hatt 10 obligatoriske møte, der vi følger den politiske møteplanen for Alver kommune, saman med Eldrerådet og RMNF.

Alle saker som har vore innom Ungdomsrådet i perioden september 2021 - september 2022:

UR	Ungdomsrådmidlar - behandling søknad	059/21
UR	Behandling søknad - ungdomsrådmidlar	058/21
UR	Økonomiplan 2022 - 2025	055/21
UR	Ungdomsråd - søknad om midler til utstyr	052/21
UR	Leksehjelp i grunnskulen	051/21
UR	Ungdomsråd - søknad om midler til utstyr	050/21
UR	Tilstandsrapport for skulane i Alver 2020/2021	049/21
UR	Ungdomsråd - søknad om midler til prosjekt	048/21
UR	Ungdomsråd - søknad om midler til prosjekt	046/21
UR	Ungdomsråd - søknad om midler til prosjekt	045/21
UR	Ungdomsråd - søknad om midler til produksjon	044/21
UR	Handlingsplan mot vald i nære relasjonar - val av deltakarar i workshop	042/21



- UR Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031  
041/21
- UR Avlastingstiltak for barn og unge i Alver kommune 040/21
- UR Økonomiplan 2023-2026 031/22
- UR Kommuneplanen sin arealdel for Alver - Planprogram på høyring 030/22
- UR Justering av vedtekter for skulefritidsordninga i Alver kommune 029/22
- UR Detaljregulering for Snekkevika- Offentleg ettersyn og høyring 028/22
- UR 1 gongs handsaming - Offentleg ettersyn - Galteråsen næringsområde  
027/22
- UR Behandling søknader 30.5 024/22
- UR Rullering - Anleggsstrategi for Alver kommune - 2020-2024 023/22
- UR Kulturprosjekt - våren 2022 022/22
- UR Følgjebevis ved utlån og utleige av kommunale bygg, anlegg og lokale  
021/22
- UR Detaljregulering for Holme- Offentleg ettersyn og høyring 020/22
- UR Kommunedelplan for oppvekst - Hovudmål 017/22
- UR Høyring - politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune 016/22
- UR Driftsavtale ungdomskontakten Salto 2022-2024 015/22
- UR Plansak Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv - Alver kommune -  
Framlegg til vedtak av planprogram 012/22
- UR Leksehjelp i grunnskulen 011/22
- UR Nasjonal tilskotsordning for å inkludere barn og unge - uttale prioritering Alver  
ungdomsråd 008/22



UR 1 gongs handsaming - Offentleg ettersyn & høyring - Områdereguleringsplan for Langelandskogen 007/22

UR Plansak Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv - Alver kommune - Framlegg til vedtak om høyring og offentlig ettersyn, planprogram 006/22

UR Til uttale - kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034 005/22

UR Detaljreguleringsplan for Kvassnesbakken, gbnr 188/701 m.fl. - PlanID 1263-201904 - Offentleg ettersyn 1. gongshandsaming 004/22

UR Kommunedelplan for oppvekst - hovudmål i planen 003/22

UR Sammendrag av innspill fra kommunale ungdomsråd om fremtidens kulturtilbud 001/21